


VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN Detaljplan for Kollsnes industriområde, PlanID20190002

På vegne av Equinor, vert de i medhald av plan- og bygningslova §12-8 med dette brevet varsla om oppstart av arbeid med reguleringsplan, som vil oppeve gjeldande reguleringsplan ID19910001 Kollsnes Industriområde.

Formål med å utarbeide ny reguleringsplan er i hovudsak å sikre ny reguleringsplan som er i samsvar med utførte tiltak og bruk av området.

Forslagstillar er Equinor og utførande konsulent er Multiconsult Norge AS.



Figur 1, Lokalisering av planområdet vist med stipla strek og oransje ring


Bakgrunn for reguleringsplanen

Reguleringsarbeidet har som mål å inkorporere alle endringer i Kollsnes industriområde som er gjort gjennom enkeltvedtak i kommunestyre og utval i Øygarden kommune. Dette gjeld og tiltak som er godkjende etter anna lovverk, t.d. energilova og petroleumslova. Sentralt i prosessen vil og vere å oppdatere planverket etter ny plan- og bygningslov (2008) og føringar frå kommune, fylke og stat.

Det har vore søkt om og er gjeve fleire dispensasjonar frå gjeldande reguleringsplan for tiltak innanfor planområdet.

I 2012 vart det starta ein planprosess med formål å revidere gjeldande reguleringsplan samt leggje til rette for Martin Linge prosjektet, elektrifisering offshore. Planprosessen vart ikkje slutført etter ei avgrensa høyring av foreslått oppdatert plankart og føresegrer.

Skissa til reguleringsplankart frå 2012 under viser vedtekne reguleringsendringar frå gjeldande reguleringsplan for Kollsnes.



Figur 2, Utkast til revidert plankart frå 2012 med tilvising til Øygarden kommune sine saksnummer

Vedtaka som er fatta i kommunestyret (KS), Faste utval for plansaker (FUP), Hovudutval for Bygg- og anlegg (HBA):


- KS sak 136/94 – Godkjenning av reguleringsplan for kondensatledning Kollsnes – Sture
- Det skal som fylgje av godkjend reguleringsplan visast ei faresone langs kondensatledningen. Faresona skal ha ei samla breidd på 12 meter (6 meter til kvar side av ledningen).
- KS sak 067/97 – Reguleringsplan Gasskraftverk Kollsnes Reguleringsendring for Naturkraft AS sin plan forgasskraftverk på Kollsnes, basert på gass frå Trollfeltet.
- KS sak 059/98 - Reguleringsendring for Gassrørledning frå Kollsnes til Osundet Regulering av ein 60 m brei korridor for gassrørledning mellom Troll Kollsnes og Osundet, samt endring av tekst i føresegnene.
- KS sak 115/98 – godkjenning av reguleringsplan for Vestprosess - Kollsnes til Sture Reguleringsplanen medfører at faresona knytt til kondensatledning i reguleringsplan for Kollsnes skal ha ei sikringszone på 50 m
- HBA sak 158/98 – Reguleringsendring for gassrørledning Kollsnes – Kollsnes næringspark;
- Justering av regulert sikringszone (jf KS 059/98), då traseen er trekt lenger mot nord.

Kollsnes industriområde

- FUP040/02 – Reguleringsendring Kollsnes, pga Kvitebjørn Reguleringsendringa medfører ei faresone med radius 100 meter frå opning av landfallstunellen på Storholmen og ei 25 tryggleikssone til kvar side av gassrørleidninga fram til regulert industriområde på land.
- KS070/07 – Godkjenning av reguleringsplan for delstrekning gassrørleidning, Kollsnes – Mongstad
- Reguleringsplanen medfører at sikringsone langs gassrørleidning mellom Kollsnes og Næringsparkern vert lagt inn i denne reguleringsplanen. 50 meter sikringsone til kvar side av gassrørleidninga.

Planstatus i området:


Kollsnes industriområde er i kommuneplanen (2016) sin arealdel regulert til industri og bustadområda ved kryss mellom fylkesvegane er regulert til bustadformål.



Figur 3, Utsnitt frå gjeldande kommuneplan for Øygarden

Kollsnes industriområde

Gjeldende reguleringsplan (planID19910001) omfattar industri og næringsareala til Equinor (I1) samt eit større industriområde (ca. 770 daa) (I2) og bustadområda ved krysset mellom fv 561 og fv.288, samt Kvernhuspollen. Reguleringsplanen vart vedtatt den 20.02.1991.



Figur 4, Plankart for Kollsnes industriområde, planID19910001



Figur 5, Reguleringsplan for Gasskraftverk, planID19970002


Innanfor reguleringsplan for Kollsnes er det vedteke reguleringsplan for Gasskraftverk.

Tiltak i samsvar med vedtatt reguleringsplan for Gasskraftverk har ikkje vorte iverksett. Planane for Gasskraftverk var utarbeidd for Naturkraft AS, og er ikkje realistiske lenger. Naturkraft AS driv idag gasskraftverket på Kårstø. Reguleringsplanen for Gasskraftverk på Kollsnes vart godkjend i 1997.

Reguleringsplanen vert av den grunn foreslått vedteken oppheva med forslag om revidert reguleringsplan for Kollsnes næringsområde.


Kollsnes industriområde

Reguleringsplan for kondensatrørledning Kollsnes Sture er bygd ut i samsvar med reguleringsplanen. Revidert reguleringsplan for Kollsnes vil ivareta røyrtasèen.



Figur 6, Reguleringsplan for kondensatrørledning Kollsnes – Sture, planID19980002


Bustadområda aust i gjeldande reguleringsplan for Kollsnes (ID19910001) er det utarbeidd reguleringsplanar for. Bustadområda der det ikkje er utarbeidd reguleringsplanar for, der gjeld kommuneplanens arealbruk framfor Kollsnes reguleringsplan.




Figur 7, Reguleringsplan planID19960001 Hildalshaugen



Figur 8, Reguleringsplan planID19890001 Rossnes bustadfelt



Figur 9, Reguleringsplan planID20040006 Rossnes bustadfelt, Oen



Figur 10, Utklipp frå kommuneplanen sin arealdel KPA2016


Arealbruk for område aust i gjeldande reguleringsplan, område til fiskeoppdrett, leikeplass og badeplass er sikra i kommuneplanen sin arealbruk. Krav til detaljplan for område fylgjer av kommuneplanen.

Føremål med endring av reguleringsplan for Kollsnes

Forslag til ny reguleringsplan for Kollsnes vert utarbeidd som detaljplan.



Figur 11, Forslag til plangrense for ny reguleringsplan for Kollsnes



Figur 12, Omtrentleg avgrensing av nytt planforslag vist på plankartskisse frå 2012

- Reguleringsplan utarbeidd i samsvar med ny planlov (PBL 2008)
- Reguleringsplan og føresegner som samsvarer med utførte tiltak til Equinor, jf bebyggelsesplan for Kollsnes
- Reguleringsplankart og føresegner vert oppdatert i samsvar med tidlegare kommuneale vedtak.
- Endra planavgrensing slik at regulerte bustadområde ikkje inngår i denne reguleringsplanen. Dette gjeld planid 19890001 Rossnes bustadfelt og planid 19970003 Hildalshaugen bustadfelt.
- Kvernapollen utgår frå reguleringsplanen då fiskeoppdrett ikkje lengre er aktuelt.
- Industriområde I2 utgår frå ny detaljplanen for Kollsnes. Framtidig arealbruk er sikra i kommuneplanen saman med krav om utarbeiding av detaljplan for området..
- Oppheving av reguleringsplan for Gasskraftverk.

Plantypen detaljplan kan i samsvar med gjeldande kartforskrift ikkje setje krav om utarbeiding av detaljplan for områder i detaljplanen. Det vert av den grunn utarbeidd reguleringsplan for Kollsnes og den del av området som er og vert utvikla av Equinor.

Revidering av gjeldande reguleringsplan legg ikkje til rette for tiltak som utløyser krav om KU. Viser til Øygarden kommune sin handsaming av søknad om oppstartsløyve for revidering av reguleringsplanen, sak 057/19 i utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) 14.05.2019.

Konsekvensar med utarbeiding av revidert reguleringsplan for Kollsnes

Ny reguleringsplan for Kollsnes medfører at gjeldande reguleringsplan planID19910001 og reguleringsplan for Gasskraftverk planID19970002 vert oppheva. Områda som tidlegare var del av reguleringsplanen for Kollsnes er i vareteke i reguleringsplanar for områda eller i gjeldande kommuneplan (2016) sin arealbruk.

Kollsnes industriområde

Merknader til planarbeidet

Frist for uttale til planarbeidet er set til 16.08 2019.

Merknader og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

Multiconsult:

v/Toril Amundsen
Nesttunbrekka 99
5221 Nesttun

Eller e-post: toril.amundsen@multiconsult.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader og innspel til Øygarden kommune, dette vil Multiconsult ivareta. Alle aktuelle offentlege instansar, grunneigerar og naboar vert varsla med dette brevet. Oppstart vert også varsla i avisa Vestnytt. Alle plandokument vert lagt ut på Multiconsult si nettside her:

<https://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/> og Øygarden kommune si nettside her:

<https://www.oygarden.kommune.no/nyttige-lenker/hoyringar-kunngjoringar/>

Spørsmål knytt til planarbeidet kan rettast til:

Toril Amundsen, tlf. 55 62 33 75

Vidare planprosess

Etter at fristen for merknader er gått ut, vert merknadane oppsummert og kommentert. Etter merknadsgjennomgang vil planforslaget bli utarbeida. Ferdig planforslag vil så bli sendt Øygarden kommune for saksbehandling. Etter 1. gangs politisk behandling vert planframlegget sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil også då vera moglegheit til å spele inn merknadar til planframlegget før ny politisk behandling av planforslaget.

Med venleg helsing

Multiconsult

Toril Amundsen
Arealplanlegger

Vedlegg:

Kart med varslingsgrense